

---

**Fra:** eness@nh-nh.no  
**Sendt:** fredag 27. juli 2018 13.24  
**Til:** Jarle Landås; Postmottak Radøy  
**Emne:** Vil de være sponsor?

Hei,

**Vil Radøy kommune være med å sponse arrangement med fokus på entreprenørskap, utvikling og vekst i regionen vår?**

**Tysdag 18.september** er Næringshagane for vekst og utvikling (Nordhordland næringshage og Næringshagen i Gulen og Masfjorden) vertskap for årets Starte og drive- dag i vår region. Dette er ein dag for alle som nyleg har starta for seg sjølv, eller går med tankar om å gjere det. Arrangementet finn stad på Kielstraumen brygge. Her kjem foredragshaldarar frå ei rekke viktige aktørar i verkemiddelapparatet og ordførar i Austrheim Per Lerøy vil stå for høgtidleg opning av arrangementet. Du kan lese meir om dagen her: [https://startedrivedag.brreg.no/?page\\_id=807](https://startedrivedag.brreg.no/?page_id=807)

I samband med dette arrangementet skipar vi til **sosial samankomst kvelden før**, dvs. 17.september på Kielstraumen. Her vert det god mat, god underhaldning av ein av Norges ypperste underhaldarar, fagleg påfyll og sosialt samvær. Her vil ein kunne møte personar frå verkemiddelapparatet knytt til etablering, lokalt næringsliv, offentleg forvaltning og ellers alle andre som vil delta (så lenge det er ledige billetter).

**Vil de være sponsor til kveldsarrangementet?** Alle som støttar får profilert seg i samband med marknadsføringa av kvelden, både på sosiale medier, lokale aviser og ellers alle andre aktuelle stader.

Send logo og den summen du ønsker å bidra med på mail til underteikna snarast, så får me logoen din raskt med i marknadsføringa

**Spørsmål?** Ta kontakt med underteikna og/eller dagleg leiar i næringshagen på Austrheim, Kate Bentzen, eller Veronica Haveland, dagleg leiar i Gulen og Masfjorden næringshage.

Eldbjørg Ness  
Forretningsutviklar  
Tlf: + 47 92 62 53 41

Nordhordland Næringshage AS  
Mastrevik Torg  
5943 Austrheim

[www.gmnh.no](http://www.gmnh.no)

